

(Nynorsk)

## Frivillige organisasjonar kan no søke om momskompensasjon på varer og tenester

Lotteri- og stiftelsestilsynet skal fordele i overkant av 2 milliardar kroner i momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar i 2023. Denne ordninga skal fremje frivillig aktivitet, gjennom å kompensere for kostnader som frivillige organisasjonar har hatt til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester.

**Det er ope for søknader og søknadsfristen er 1. september.**

Frivillige organisasjonar som er [registrerte i Frivilligregisteret](#) kan søke på ordninga. Frivillig innsats må vere ein viktig del av verksemda som det søkast om kompensasjon for. Alle mottakarar av momskompensasjon må vere registrerte i Frivilligregisteret innan 1. september 2023. Dette gjeld også dei som søker via sitt sentralledd. Hugs at registrering kan ta litt tid.

**Merk:** Sentralledd har eigne fristar for rapportering frå underledda sine. Sjå den aktuelle organisasjonen sine nettsider, eller ta kontakt med sentralleddet for meir informasjon.

Det kan søkast etter to modellar: Forenkla modell og dokumentert modell. Minstegrensa for å søke etter forenkla modell er 100 000 kr i søknadsgrunnlag, og etter dokumentert modell er det 7 000 i faktiske meirverdiavgiftskostnader. Grensene gjeld ikkje for underledd.

De finn informasjon om ordninga og søknadsskjema på nettsida vår:

[Momskompensasjon på varer og tjenester - Lottstift.](#) Her ligg også informasjon om oppdateringar de må vite om i 2023.